

Årsmelding

2011



SpareBank
HALLINGDAL



Innhald

	Side
Festar grepet om regionen Hallingdal Valdres	3
Styret si årsmelding for 2011	4
Erklæring i samsvar med lov om verdipapirhandel § 5-6	16
Hovudtal morbank	17
Resultatrekneskap	18
Balanse per 31. desember 2011	20
Noter til konsernrekneskapen 2011	22
Årsmelding frå kontrollkomiteen	39
Revisjonsberetning	40
Tillitsvalte i 2011	42
Visjon/Verdiar/Hovudmål	43



Frå Geilojordet.

Biletet på framsida: Fjellgarden Kolsfet, Seterdalen, Dagali.

Alle bileta er måla av Bjørn Dymbbe, han finn du meir informasjon om på siste side.



Foto: Ole Johs. Bry

Adm. banksjef Knut Oscar Fleten

Festar grepet om regionen Hallingdal Valdres

SpareBank 1 Hallingdal forsterkar posisjonen som eit konsern med verksemd i heile Hallingdal og Valdres. Me meiner vår region treng ein sterk, sjølvstendig og regional aktør som kan vere ein samarbeidspartnar for lokalt næringsliv, eit konkurransedyktig alternativ til nasjonale aktørar og ei verksemd som skapar attraktive arbeidsplassar i regionen. SpareBank 1 Hallingdal ønskjer å bidra til at verdiskapinga skjer i vår region og ikkje blir flytta ut ved at tenester og arbeidsplassar blir sentralisert til næraste by utanfor Hallingdal og Valdres.

SpareBank 1 Hallingdal er i dag eit konsern med verksemd innafør fleire område. Sparebankverksemda er kjerneverksemda i konsernet, og konsernstrukturen tek utgangspunkt i gjeldande lovverk for sparebankar. Det gjer at banken er eigar av dei andre verksemdene i konsernet og at bankverksemda ligg i morselskapet.

I banken har me auka bemanninga på næringslivssida og er no representert med bedriftsrådgjevar både på Geilo og Fagernes. Satsinga skal gje resultat i form av auka marknadsdelar i desse områda og bidra til at me oppnår ein positiv vekst på utlån til næringslivet – etter fleire år med negativ vekst pga generell låg utlånsaktivitet i vårt marknadsområde. SpareBank 1 Hallingdal skal vere den førande næringslivsbanken i regionen Hallingdal og Valdres.

Det er fleire lokale sparebankar i regionen. Me har ein uttala ambisjon om å samle kapital og arbeidsplassar i regionen dersom andre lokale sparebankar vurderer strukturelle endringar. Dette må vere basert på ei felles målsetting om å styrke den lokale sjølvstendige banken til beste for kundane. I løpet av 2011 har SpareBank 1 Hallingdal og Øystre Slidre Sparebank hatt konstruktive og gode forhandlingar med det resultat at bankane blir slått saman i 2012 under namnet SpareBank 1 Hallingdal Valdres. Dette vil bidra til å styrke bankverksemda og leggje grunnlaget for ein positiv vekst.

I løpet av 2011 har konsernet samla eigedomsmeklarverksemda i eit dotterselskap – EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS. Me har no eit lag med svært dyktige meklarar i selskapet som har ein leiande posisjon i sine område, og me dekkjer i dag Hallingdal gjennom kontora på Geilo, Gol og Hemsedal. Vår ambisjon er å bli den leiande eigedomsmeklareren for sal av fritidseigedomar i fjellet og då må me på sikt få til ein tilsvarende posisjon i Valdres. Det er etablert eit tett og godt samarbeid mellom bank og meklar for å ta ut auka verdiskaping hjå begge parter gjennom felles eigarskap.

På same måte som eigedomsmeklarverksemda ser SpareBank 1 Hallingdal eit tilsvarende potensiale i rekneskap-/økonomibransjen. Konsernet startar no arbeidet med å skape ein sterk og kompetent aktør i denne bransjen med tilsvarende marknadsområde som banken. Det er betydelege synergieffektar gjennom felles eigarskap, og det er gode mogelegheiter til å hente ut auka verdiskaping for begge verksemdar gjennom eit godt samarbeid mellom næringslivsavdelinga i banken og rekneskap-/økonomifunksjonen.

Gjennom bank, eigedomsmekling og etter kvart rekneskap/økonomi tek SpareBank 1 Hallingdal Valdres posisjonen som ei viktig regional verksemd som tilbyr kundane eit breitt produkt- og tenestetilbod til konkurransedyktige vilkår. Gjennom lokalt eigarskap i sparebankstiftelsane sikrar me i tillegg at arbeidsplassar blir verande lokalt og verdiskapinga blir i lokalsamfunna.

SpareBank 1 Hallingdal Valdres – Anbefalt av kundane.

Styret si årsmelding for 2011

SpareBank 1 Hallingdal er i dag eit konsern med verksemd innafor fleire område. Sparebankverksemda er kjernen i konsernet og konsernstrukturen tek utgangspunkt i gjeldande lovverk for sparebankar. Dette gjer at banken er eigar av dei andre verksemdene som omfattar dotterselskapa Hemsedal Regnskap AS, SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS og EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS. Det er morselskapet som i hovudsak danner dei økonomiske storleikane i konsernet, men kommentarane omhandlar også heile konsernet.

Konsernet driv i dag verksemd innafor områda bank, rekneskapsføring, eigedomsmeistring, investeringsverksemd og lokalt samfunnsengasjement. I tillegg kjem meir interne område som fellesfunksjonar og eigedomsutvikling av eigne lokale.

Visjon, verdier og mål

Konsernet sin visjon er å vere «anbefalt av kunden» i konsernet sitt marknadsområde, Hallingdal og Valdres. Bankdrifta skal byggje på verdiane «nær» og «dyktig».

SpareBank 1 Hallingdal skal oppnå auka inntening gjennom samarbeid om kundeleveransar på tvers av konsernet sine forretningsområde. Målgruppa er alle kundegrupper med tilknytning til Hallingdal og Valdres. Konsernet skal profilerast som ein aktiv støttespelar som gir verdi for lokalt samfunnsliv, og framstå som ein lokal aktør med evne til å framstå som nær og dyktig med behovstilpassa løysingar for kundane.

Konsernet skal framstå som ein attraktiv og god arbeidsplass med medarbeidarar som er prega av vilje og evne til kontinuerleg læring.

Konsernet har ei målsetting om å oppnå ei god eigenkapitalavkastning for å bevare konsernet si sjølvstende og ha god soliditet.

Det globale makrobiletet i 2011

Den økonomiske veksten var svak i heile OECD-området i 2011. Mot slutten av året såg me ei meir positiv utvikling i USA, medan euro-sona framleis slit med følgjene av statsgjeldskrisa. Når me ser på verdssøkonomien totalt, er det framleis dei framveksande landa som står for den største delen av veksten. Veksten i verdssøkonomien er venta å vere på same nivå i 2012 som i 2011, om lag 4,0%.

Den meir positive utviklinga i USA viser seg gjennom tal for arbeidsmarknaden og produksjonen. Dei siste månadane har me sett eit oppsving i industriproduksjonen så vel som i konjunkturbarometeret ISM (innkjøpssejefane sin indeks). Forbrukarsentimentet har og svinga oppover, medan arbeidsløysa har tikka ned. Den fall frå 9,4% i desember 2010 til 8,5% i 2011. Veksten i økonomien er venta å stige med 1,5-2% i 2012. I Kina og India er veksten venta å avta noko, men den vil framleis liggje på eit høgt nivå.

Fleire av dei store økonomiane i euro-sona slit med høge renter som følgje av gjeldskrisa. Regionen som heilheit har ei arbeidsløysa på over 10%, medan den i Spania er over 20%. BNP-veksten er venta å bli 1,6% i 2011, men den siste utviklinga i PMI-indeksen indikerer ein negativ BNP-vekst framover. Det har vore mykje tautrekking mellom dei europeiske leiarane for å finne ei løysing på gjeldskrisa, men så langt har dei ikkje ønskt å gå inn med garantiar for statsgjelda ved at sentralbanken trykkjer pengar. Den siste tida har det kome svake tal frå tysk økonomi, og dette skapar frykt for at heller ikkje Tyskland, som ikkje har statsfinansielle problem, skal kunne unngå ein resesjon.

Lange renter har vore og er låge. Dei viser at det er ein pessimisme i marknaden knytt til vekst og renteutvikling dei komande åra. I Spania og Italia ser me stadig høgare renter på statspapir med bakgrunn i den vanskelege gjeldssituasjonen som landa er i. I løpet av hausten vart det stilt spørsmål til dei franske bankane si eksponering mot dårleg statsgjeld, og dette førte til ein betydeleg oppgang også i franske renter. Den Europeiske sentralbanken (ESB) kuttar renta i desember.

Kredittmarknaden har i 2011 vore prega av den europeiske bankmarknaden. I første halvdel av året såg me ein relativt flat utvikling i kredittspredane (kredittpåslag). I løpet av hausten eksploderte prisen på senior lån frå nokon av dei største bankane i Europa. Spreadnivåa er langt høgare ved utgangen av 2011 enn under finanskrisa i 2008, og marknaden vurderer faren for bank-kollaps som svært høg. Også solide nordiske bankar er ramma av dette, og låner i dag pengar på høge nivå. Så lenge usikkerheita held fram, må me framleis forvente ein stressa kredittmarknad.

Det har ikkje vore dei store valutarørslene i 2011. Gjennom året har krona styrka seg noko mot euro, medan den har svekka seg noko mot dollar. Både internasjonalt og i Noreg fall aksjemarknaden markert etter nedgraderinga av USA frå AAA til AA+ (av ratingbyrået Standard & Poors) i byrjinga av august. Trass i dette fallet er det små endringar i den amerikanske aksjemarknaden. Oslo Børs har ein meir markant nedgang med 13% i 2011.

Det norske makrobildet i 2011

Norge står i ei særstilling i Europa på grunn av dei sterke statsfinansane, men eksportnæringa ligg under den svake situasjonen internasjonalt. Den norske PMI-indeksen har falle dei siste månadane og indikerer ein negativ BNP-vekst. På den andre sida ser me stadige oppveideringar av investeringane i petroleumsverksemda. Den høge oljeprisen og dei nye store oljefunna gjer at aktiviteten i denne sektoren er venta å halde seg høg i åra framover.

Bustadprisane held fram med å stige i 2011. SSB anslår at bustadprisane steig med 8,3% i fjor, og ventar at dei vil stige med rundt 6% i dei neste tre åra. Oppbremsinga i veksten er venta å koma på bakgrunn av større bustadbygging. Det private forbruket steig i fjor, men veksten var svakare enn trenden dei siste åra. Konsumprisindeksen held seg låg i året. Per desember var prisstigninga for det siste året på 1,0%. Arbeidsløysa har falle noko dei siste månadane og låg ved utgangen av 2011 på 2,4%. Norges Bank valde noko overraskende å sette ned signalrenta med 0,5 prosentpoeng frå 2,25% til 1,75% på rentemøtet i desember.

Grunngjeving for det store rentekuttet var dels svakare økonomisk utvikling, men i hovudsak knytt til bekymring omkring bankane sine stigande innlånskostnader. Rentekuttet vart sett på som nødvendig for å hindre at bankane raskt skulle bli tvungne til å auke sine renter på bustadlån. Det er venta at signalrenta vil vere uendra i 2012.

Omstruktureringar i konsernet i 2011

Året 2011 har vore prega av omstruktureringar i konsernet innafor verksemdsområda eigedomsmekling og eigedomsdrift.

I starten på året kjøpte banken alle aksjane i selskapet Hemsedal Eiendomsmegling AS med 2 tilsette.

I februar kjøpte banken ein aksjepost på 15% i EiendomsMegler 1 Geilo AS frå Hol Sparebank og vart med det eigar av alle aksjane i selskapet.

Om lag på same tid starta ein større prosess med mål om å samle fleire avdelingar innafor eigedomsmeklarselskapa i ei eining. Eiendomsmegleren Ringerike Hadeland AS sine avdelingar på Gol og i Hemsedal vart i slutten av august fisjonert ut frå selskapet og fusjonert inn i EiendomsMegler 1 Geilo AS. Frå dette tidspunktet vart alle meklarkontor til EiendomsMegler 1 i Hallingdal samla. I desember vart selskapet Hemsedal Eiendomsmegling AS også fusjonert inn i EiendomsMegler 1 Geilo AS. Samstundes skifta selskapet namn til EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS. Banken har med dette eit eigedomsmeklarselskap i Hallingdal med 12 tilsette.

Banken hadde tidlegare 3 eigedomsselskap, men dei er i løpet av året fusjonert til eit selskap med namnet SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS.

Strategisk samarbeid i SpareBank 1-alliansen

SpareBank 1-alliansen består av totalt 15 sjølvstendige bankar, SpareBank 1 Gruppen AS med dotterselskap,

Bank 1 Oslo AS og BN Bank.

Dei sjølvstendige bankane i alliansen er:

SpareBank 1 SR-Bank

SpareBank 1 Nord-Norge

SpareBank 1 SMN

Sparebanken Hedmark

Samarbeidende Sparebanker (SamSpar)

SamSpar er ei samanslutning av fleire mindre sparebankar.

Desse sparebankane er:

SpareBank 1 Buskerud-Vestfold

SpareBank 1 Ringerike Hadeland

SpareBank 1 Hallingdal

SpareBank 1 Gudbrandsdal

SpareBank 1 Nordvest

SpareBank 1 Telemark

SpareBank 1 Modum

SpareBank 1 Lom og Skjåk

SpareBank 1 Nøtterøy-Tønsberg

SpareBank 1 Søre Sunnmøre

SpareBank 1 Østfold Akershus

Alliansen er eit bank- og produktsamarbeid. Alliansen er samla sett ein av dei største tilbydarane av finansielle produkt og tenester i den norske marknaden. Bankane i SpareBank 1-alliansen distribuerer SpareBank 1 Gruppenkonsernet sine produkt og samarbeider på sentrale område som merkevare, arbeidsprosessar, kompetansebygging, IT-drift, systemutvikling og innkjøp. Alliansen har inngått strategiske samarbeidsavtaler med LO og LO sitt fagforbund.

Eit overordna mål for SpareBank 1-alliansen er å sikre den einskilde bank si sjølvstende og regionale forankring gjennom sterk konkurransevne, lønsemd og soliditet. Samtidig representerer SpareBank 1-alliansen eit konkurransemessig fullverdig bankalternativ på nasjonalt nivå. For å oppnå felles mål har bankane i alliansen etablert ein nasjonal marknadsprofil og utvikla ein felles strategi for merkevarebygging og kommunikasjon. Den marknadsstrategiske plattformen dannar også basis for felles produkt- og konseptutvikling. Marknadsinnsatsen i alliansen er i hovudsak retta mot personmarknaden, små og mellomstore bedrifter og forbund tilknytt LO.

Selskapet Alliansesamarbeidet SpareBank 1 DA utgjer den administrative overbygginga for alliansesamarbeidet. Selskapet ivaretek finansiering av og eigarskap til applikasjonar, konsept, kontraktar og merkevare på vegne av deltakarane i alliansesamarbeidet.

Selskapet Alliansesamarbeidet SpareBank 1 DA er eigd av:

SpareBank 1 SR-Bank (17,74%)

SpareBank 1 SMN (17,74%)

SpareBank 1 Nord-Norge (17,74%)

Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA (17,74%)

Sparebanken Hedmark (11,3%)

SpareBank 1 Gruppen AS (10,0%)

Bank 1 Oslo AS (7,74%)

SpareBank 1 Gruppen sin hovudfunksjon innan SpareBank 1-alliansen er todelt:

Drive og utvikle finanskonsernet med produksjon og

leveranse av konkurransedyktige produkt og tenester for distribusjon gjennom alliansebankane, andre bankar som har distribusjonsavtale med selskap i SpareBank 1 Gruppen og LO. Dette arbeidet er organisert i selskapet SpareBank 1 Gruppen AS.

Drive og utvikle alliansesamarbeidet med felles forvaltning, utvikling og gjennomføring av aktivitetar som gir stordrifts- og kompetansefordelar. Dette arbeidet er organisert i selskapet Alliansesamarbeidet SpareBank 1 DA.

SpareBank 1 Gruppen AS er eigd av:

SpareBank 1 SR-Bank (19,5%)

SpareBank 1 Nord-Norge (19,5%)

SpareBank 1 SMN (19,5%)

Samarbeidende Sparebanker AS (19,5%)

Sparebanken Hedmark (12%)

Landsorganisasjonen/ fagforbund tilknytt LO (10%), som ikkje er en del av alliansen.

SpareBank 1 Gruppen AS er morselskapet i konsernet som består av:

SpareBank 1 Skadeforsikring AS (100%) – som eig 100% av aksjane i Unison Forsikring AS

SpareBank 1 Livsforsikring AS (100%)

ODIN Forvaltning AS (100%)

SpareBank 1 Medlemskort AS (100%)

SpareBank 1 Gruppen Finans AS (100%) – som eig 100% av aksjene i Conecto AS

SpareBank 1 Markets AS (97,2%)

Produktselskapa etablert under SpareBank 1 Gruppen AS og alliansebankane har utvikla ei felles teknologiplattform. Erfaringsutveksling og overføring av kompetanse innafør alliansen, basert på beste praksis, er eit viktig element for å utvikle alliansen vidare. Som eit ledd i denne satsinga er det etablert kompetansesentra for høvesvis Kredittstyring i Stavanger, Betaling i Trondheim og Læring i Tromsø.

Resultata i SpareBank 1 Gruppen viser eit førebels resultat etter skatt for 2011 på 479 mill. kroner mot 832 mill. kroner i 2010. Dette gir ein eigenkapitalavkastning på 10% i 2011.

SB 1 Hallingdal si bankverksemd i 2011

Bankåret 2011 har vore dominert av framleis mange rådgjevarar som er i utdanningsløp mot autorisasjon som AFR-rådgjevar. I tillegg har avviklinga av fordelsprogram på produktområdet ført til mykje oppfølging utover hausten.

I november var det eit branntilløp i banken sine lokal på Gol. Ei makuleringsmaskin tok fyr og det førte raskt til ei kraftig røykutvikling. Heldigvis vart brannen raskt sløkt, men kontoret måtte stengast resten av dagen. Kundesenteret vart i løpet av kort tid etablert på Ål og var i full drift under 2 timar etter brannen. Heldigvis vart det ikkje noko personskade.

Innafor forsikringsområdet har banken også i 2011 jobba aktivt mot bedriftskundar med omsyn til teikning av OTP-avtale (Obligatorisk tenestepensjon) og skadeforsikring. Dei fleste bankkundane har no OTP-avtala si hjå oss og

porteføljen på skadeforsikring til bedriftsmarknaden (BM) er på 12 mill. kroner. ved utgangen av året. Banken satsar også på forsikring til landbrukskundane. Porteføljen har ein fin vekst og er no på 4 mill. kroner. Kundane er svært fornøgde med å få samla bank og forsikring på ein stad.

Kompetansebygging har vore høgt prioritert også i 2011. Banken har no 30 godkjente skadeforsikringsrådgjevarar innan privatmarknaden (PM) fordelt på våre 5 kontor.

Porteføljen på skadeforsikring PM er på 36,5 mill kroner ved utgangen av 2011.

Kontanthandtering på bankkontora våre er kraftig redusert dei seinare åra. Dei aller fleste bankkundane nyttar i dag ei eller anna form for automatisert betalingsteneste. I 2011 skaut bruken av Smart-telefonar og nettbrett som betalingskanal fart for alvor. Me ventar oss at denne utviklinga vil halde fram og forsterkast. Også innan sparing, forsikring og lån er det utvikla nye sjølvhjelpne tenester i 2011. Bl.a lanserte SpareBank 1 ein mobilbank-app for smart-telefonar som har fått god mottaking av brukarane.

Bruken av dei sjølvhjelpne tenestene er enno ikkje på nivå med betalingsløysingane, men me trur at også dette kjem til å bli meir utbreidd i åra som kjem. Ein føresetnad for at kundane skal ta i bruk desse tenestene er at dei får service og hjelp på nivå med det du får på bankkontoret. Me jobbar for at tenestene våre skal henge saman, og at kundane skal få dei same gode svara anten dei kontaktar oss på Facebook eller på sitt lokale bankkontor. Det er lagt mykje arbeid i å sikre at det kunden har gjort sjølv av tenester er tilgjengeleg for rådgivaren og motsett. Eit døme på dette er lånesøknad gjennom nettbanken der kunden legg inn opplysningane sine før møtet med rådgjevaren. På den måten sparar kunden tid i møte med banken og pengar gjennom rimelegare etableringsgebyr.

Ei avgjerd som fekk stor innverknad på banken sin produktpolitikk i året, var Finanstilsynet si tolking av reglane om produktpakker (produktpakkeforskrifta). I rundskriv 25/11 skjerpar dei krava om dokumentasjon på innsparingar ved å tilby produktpakker. På bakgrunn av dette rundskrivet vedtok banken, som dei fleste andre bankar, å fjerne dei fleste fordelsprogramma og justere dei resterande med tanke på kopling av produkt. Nedlegginga er ein jobb som blir avslutta 1.3.2012 ved at den fysiske endringa blir gjennomført.

I 2011 såg me at utlånsverksemda framleis var prega av etterdønningane av finanskrisa. Etter slike kriser er det gjerne sterkt fokus på å skaffe seg større handlingsrom, ved å prioritere nedbetaling av eksisterande gjeld, framfor å auke investeringar og ta opp nye lån. Finansiell uro i Europa, med tilhøyrande usikkerheit rundt forventa rammebetingelsar i den nære framtida, er også med på å bremse investeringslyst og risikovilje. Ser me 2011 under eitt, har etterspurnaden etter nye lån og refinansiering difor vore moderat.


Rentenivået har vore lågt og stabilt også i 2011. Banken har gjennomført to renteendringar i 2011, det same som i 2010. Per 31.12.2011 utgjer totalt innvilga utlån og garantiar til saman 7,2 mrd. kroner.

Også dette året har me hatt fokus på å tilby kundane våre tidsriktige utlansprodukt, til konkurransedyktige prisar. Etter nye krav frå Finanstilsynet er som nemnd banken sitt fordelsprogram avvikla. For å sikre fortsatt konkurransedyktig prising av bankens utlån, samt forsvarleg inntening, er det difor i 2011 utvikla nye, risikobaserte prismodellar for utlånsværksemda.

Ambisjonen om å vere til stades i digitale distribusjonskanalar også innafor kredittområdet er ytterlegare forsterka i 2011. Dette har ført til auka innsats for å gjere framtidige nettløysingar så enkle og tilgjengelege som mogleg. Ved overgangen til 2012 er banken godt posisjonert for å begynne å ta i bruk full elektronisk låneprosess, med elektronisk avtaleinngåing og elektronisk arkiv. Dette er venta å gje store effektiviseringsgevinstar i åra som kjem.

Utlånsværksemda er prega av mange formalitetar, og krava til kvalitet i arbeidet er høge. Bankens mangeårige arbeid med å sikre tilstrekkeleg kvalitet i utlånsværksemda er vidareført også i 2011.

Kvalitetskontrollane me gjer i eigen regi, samt kontrollar utført av eksterne ressursar, viser at tiltak som er sett i verk har hatt ønska effekt, og at kvaliteten i kredittarbeidet blir stadig betre.



Innafor plasseringsområdet har 2011 har vore eit år prega av uro på fleire områder. Gjeldskrisa i Eurosona har prega marknaden og det har skapt usikkerheit hjå kundar og tilsette. Det har medført at andel fondsinnløyseringar har vore større enn nyinvesteringar.

Banken har vore meir aktiv i marknaden med tilbod om fastrenteinnskot i 2011 og har ei målsetting om ha regelmessige tilbod framover som eit alternativ for dei som ønskjer å knytte seg til fastrente.

Etter den store satsinga på autorisasjonsordninga (AFR) som har pågått dei siste 2 åra, har banken no mange rådgjevarar med god kompetanse på plasseringsområdet. Banken starta ei satsing på pensjonssparing i 2011 som vil halde fram også i det nye året.

Gjennom året har det vore stort fokus på å få på plass rutinar, internkontrollar, oppfølging og ivaretaking av diverse offentlege krav. Internt er det arbeidd med reglar

for kva ein autorisert rådgjevar kan gjere og ikkje kan gjere på spare- og plasseringsområdet. 1. april vart dei varsla endringane om krav til lydopptak i samband med investeringstenester sett i verk, noko som har kravd investeringar i systemløyseringar og rutineendringar.

Det er i året arbeidd med ei endring av Puls-kontoen. Slik vilkåra har vore, ville ein ved ein rentenedgang kome i konflikt med Finansavtalelova. Arbeidet har ført til at uttaksreglar og rentefastsetting blir endra frå 1.1.2012. Eksisterande kundar er spurd i dette arbeidet. Puls er no knytt opp mot 3 månadar NIBOR + ein margin.

Eigarstyring og selskapsleiing

Eigarstyring og selskapsleiing i SpareBank 1 Hallingdal omfattar dei mål og overordna prinsipp som konsernet skal styrast og kontrollert etter for å sikre innskytarane og andre grupper sine interesser. Konsernet si værksemdsstyring skal sikre ei forsvarleg formuesforvaltning, og gje auka tryggleik for at kommuniserte mål og strategiar blir nådd og realisert.

SpareBank 1 Hallingdal har som eit resultat av dette vedteke at selskapet skal følgje Norsk anbefaling for eierstyring og selskapsledelse (corporate governance) av 21. oktober 2009, med dei tilpassingar som følgjer av at selskapet er ein sparebank utan børsnotert eigarkapital, eller som blir omsett regelmessig.

I tråd med desse anbefalingane har banken styret oppnemnd eit revisjonsutval og eit utval for godtgjersler i banken.

Risikoforhold og intern kontroll

Styret handsamar kvartalsvis ein overordna risikorapport. Banken har i 2011 vidareutvikla rammeverket for risikostyring og risikorapportering gjennom ei revidering av policydokument innafor alle risikoområde, samt justert rapporteringa. Vidare har banken ein eigen controllerfunksjon som rapporterer direkte til administrerande banksjef. Controller utfører ei rekkje uavhengige kontrollhandlingar i samarbeid med fagsjefane.

På same måte som dei siste åra er intern kontroll eit prioritert område integrert i den daglege drifta. Fagsjefane har eit kvalitetsansvar og står for oppfølging av kontrollværksemda. Rapportering skjer kvartalsvis til styret. I tillegg er Ernst & Young engasjert i interne revisjonsprosjekt. Dette arbeidet er ein viktig del av banken sitt kvalitetssikringsarbeid.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko, eller kurs- og renterisiko omfattar banken sin risiko knytt til posisjonar i valuta, aksje- og rentemarknaden. Banken har ingen valutarisiko utover det som er knytt til eigen valutabehaldning. Mesteparten av banken sine utlån og innskot er med flytande rente, dvs. at renta blir regulert i takt med pengemarknadsrenta. Bankens sin utlånsværksemda med fast rente var ved utgangen av året bokført til 209,5 mill. kroner. Av dette er 98,8 mill. kroner sikra med rentebytteavtalar (SWAP).

Banken har ved utgangen av året ei verdipapirportefølje på 322,4 mill. kroner i bokført verdi som blir forvalta av eksterne forvaltarar. Gjennom året har porteføljen fått ein litt mindre aksjeandel (frå 14,9% til 12,1%), medan rentebærande papir som obligasjonar har auka tilsvarende (frå 85,1% til 87,9%). Aksjeposten er nokså likt fordelt mellom norske aksjar/utanlandske aksjar notert på Oslo Børs og utanlandske aksjefond. Aksjane har ei god spreiding mellom ulike sektorar. Ved utgangen av året er marknadsverdien på aksjeporteføljen 1,2 mill. kroner under kostpris og bokført verdi er skrive ned til marknadsverdi.

Obligasjonsporteføljen er sett saman av papir med kort durasjon for å redusere renterisikoen mest mogeleg. Gjennomsnittleg durasjon var ved utgangen av 2011 på 0,15 mot 0,19 for eit år sidan. Renterisikoen i porteføljen blir vurdert som liten. Kursrisikoen blir også vurdert som liten sidan ein stor del av porteføljen er investert i statsgaranterte obligasjonar og særskilt sikre obligasjonar (OMF). Marknadsverdien per 31.12.11 er vurdert til 2 mill. kroner lågare enn kostpris og bokført verdi er skrive ned tilsvarende.

I forvaltninga av porteføljen er eit sentralt tema risiko og avkastning. Skal ein oppnå høg avkastning må risikoen også vere høg. Banken legg vekt på å ha svært låg risiko i sine plasseringar for å unngå store avkastningsvariasjonar frå år til år.

Som omtala innleiingsvis var 2011 eit vanskeleg børsår. I starten låg Oslo Børs sin hovudindeks på ca. 440 for så å falle raskt til 340 i byrjinga av august og vidare til botn nivået på 324 i byrjinga av oktober. Mot slutten av året steig indeksen att til 385. Nedgangen for året vart på vel 13%. Banken si norske aksjeportefølje blir målt mot Oslo Børs sin fondsindeks (OSEFX). Porteføljen har hatt ei negativ avkastning på -19,3% mot indeksen på -18,8%, ei mindreavkastning på 0,6%.

Banken si internasjonale aksjeportefølje har gjennom fleire år levert nokså svak avkastning. Denne posten er med på å spreie banken sin risiko i aksjemarknaden, men legg også ein dempar på avkastninga fordi valutakursendringar påverkar utviklinga. Porteføljen hadde også ei negativ avkastning på -11,8% i 2011 mot referanseindeksen på -3,0%. Dette er 8,8 prosentpoeng dårlegare enn referanseindeksen.

Hovuddelen i verdipapirporteføljen er obligasjonar. Forvaltar har flytta investeringar frå norske statssertifikat til utanlandske statsgaranterte obligasjonar for å oppnå noko høgare avkastning. Rentenivået har i heile 2011 vore lågt og dermed blir betaling for kredittrisiko viktig for avkastninga. Porteføljen har ei avkastning på 2,76% mot 2,45% for referanseindeksen. Samla avkastning på banken si verdipapirportefølje vart 0% i året noko som er 1,3% dårlegare enn referanseindeksen.

Banken sin renterisiko oppstår hovudsakleg i samband med fastrenteutlån, fastrenteinnskott og fastrenteinnlån. Banken har ei målsetting om å ha liten renterisiko og skal i prinsippet eliminere alle fastrenteposisjonar ved

hjelp av rentebytteavtalar. Banken sin policy for styring av renterisiko set rammer for kor stor renterisiko banken kan ta. Renterisikoen for alle posisjonar kan uttrykkjast ved å sjå på kor følsam balansen er for renteendringar. Banken har fastsett rammer for renterisiko på kort og lang sikt, dvs. over og under eit år. Ved årsskiftet er banken sin renterisiko målt til -4,3 mill. kroner og er innafor banken si samla ramme.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er definert som faren for tap som følgje av at kundar eller motpartar ikkje har evne eller vilje til å oppfylle sine plikter overfor banken. Kredittrisiko er knytt til mogelege tap på utlån eller garantiar til kundar, i tillegg til tap på plassering i verdipapir med mindre solide utstedarar. Kredittrisiko er banken sitt mest vesentlege risikoområde. Banken har etablert standardiserte rutinar for kredittgjeving, etablert fullmaktsstruktur og innført risikoklassifisering av alle lån.

Risikoprofilen i utlånsporteføljen har endra seg noko i løpet av året. Ein overordna trend har vore ein moderat samla utlånsvekst, med ein vekst innafor privatmarknaden og ein svak nedgang innafor bedriftsmarknaden. Engasjement (lån, garantiar, kredittar) med høg risiko, svært høg risiko eller misleghald utgjør 15,8% av porteføljen ved utgangen av året mot 14,8% året før. Resterande 84,2% av porteføljen har ei risikoklassifisering frå moderat til svært låg. For eit år sidan var talet 85,2%. Banken overfører ein del bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt. Dette er godt sikra lån med liten risiko, og over tid vil banken få ein litt mindre andel av lån med låg risiko som følgje av det. I løpet av året er andelen lån til privatmarknaden auka frå 62,4% ved starten av året til 65,3% ved slutten av året. Risikomessig er dette ei positiv utvikling. Tala for lån til bedriftsmarknaden er tilsvarende redusert frå 37,6% til 34,7%. Dersom me reknar med overførte lån til boligkreditselskapet er fordeling privatmarknad (PM)/bedriftsmarknad (BM) 70/30. Banken har ei målsetting om å ha maksimalt 40% av utlånsengasjementa til bedriftsmarknaden.

2011		
Risikogruppe	Volum (1000 kr)	Fordeling
Svært låg	3 111 239	49,1%
Låg	690 392	10,9%
Middels	1 527 741	24,1%
Høg	366 549	5,8%
Svært høg	501 832	7,9%
Misleghald og nedskrive	133 743	2,1%
Sum	6 331 496	100,0
2010		
Risikogruppe	Volum (1000 kr)	Fordeling
Svært låg	2 460 848	40,8%
Låg	906 295	15,0%
Middels	1 772 161	29,4%
Høg	322 346	5,3%
Svært høg	467 618	7,7%
Misleghald og nedskrive	105 780	1,8%
Sum	6 035 048	100,0

Figur 1: Risikofordeling utlånsportefølje

For næringslivskundar utgjer engasjement med høgast risiko eller misleghald 26,2% av porteføljen (24,3% i 2010). Utviklinga viser ein auke i engasjement med høg risiko samstundes som misleghalde engasjement og engasjement med nedskrivning aukar. Dette viser at utlånsporteføljen til bedriftsmarknaden har ein høgare risiko enn for eit år sidan.

Banken hadde ved siste årsskiftet 3 engasjement (utanom engasjement mot andre finansinstitusjonar) som overstig 10 prosent av banken sin netto ansvarlege kapital (77,9 mill. kroner). Eit av desse er banken sine dotterselskap. Engasjementa utgjorde 62% av netto ansvarleg kapital. Banken har til saman 56 kundar over 10 mill. kroner som samla utgjer 1.249 mill. kroner.

Banken hadde ved utgangen av 2011 i alt 885 næringslivskundar med ein gjennomsnittleg engasjementsstørrelse på 2,70 mill. kroner som gir ei god risikospreiing.

For personkundar utgjer engasjement med høg risiko eller misleghald 9,6% av porteføljen (8,6% i 2010). Misleghaldet i privatmarknaden har gått noko opp det siste året, men er framleis lågt samanlikna med bedriftsmarknaden. Eit anna trekk i privatporteføljen er at andelen engasjement med svært låg risiko aukar til fordel for middels og låg risiko.

I banken sitt risikoklassifiseringssystem er det mogeleg å følgje endring i porteføljesamansetninga over tid – såkalla migrering. Den viser om porteføljen flyttar seg til betre risikoklassar, er uendra eller flyttar seg til dårlegare risikoklassar. Figuren under viser migrering i 2011 for alle utlån, kredittar og garantiar. Migrering ei risikoklasse tyder at lån har falle til ei lågare risikoklasse, også kalla «negativ migrering».

Migrering i 2011		
	Migrering i kroner	*)
Betra/uendra risikoklasse	4 773 288 992	75,4
Migr. 1 risikoklasse per 12 md.	943 900 999	14,9
Migr. 2 risikoklasser per 12 md.	334 320 071	5,3
Migr. 3 risikoklasser per 12 md.	139 183 845	2,2
Migr. meir enn 3 risikokl. per 12 md.	140 802 465	2,2
Sum	6 331 496 372	100,0
«Positiv migrering»	2 098 487 667	33,1
Uendra	2 674 801 325	42,2
«Negativ migrering»	1 558 207 380	24,6
Migrering i 2010		
	Migrering i kroner	*)
Betra/uendra risikoklasse	4 576 245 234	75,8
Migr. 1 risikoklasse per 12 md.	896 346 043	14,9
Migr. 2 risikoklasser per 12 md.	315 847 469	5,2
Migr. 3 risikoklasser per 12 md.	118 089 585	2,0
Migr. meir enn 3 risikokl. per 12 md.	128 520 125	2,1
Sum	6 035 048 456	100
«Positiv migrering»	1 482 807 529	24,6
Uendra	3 093 437 705	51,3
«Negativ migrering»	1 458 803 222	24,2

*) Migrering i % av total portefølje

Figur 2: Migrering mellom risikoklassar

Av tabellen ser me at volumet som har «positiv migrering» er større enn «negativ migrering». I året har ca. 33% av porteføljen fått ei betre risikoklassifisering, medan 25%

har fått ei dårlegare klassifisering. Dette gjer at den totale porteføljekvaliteten er litt betre enn for eit år sidan.

Banken har helde fram med å ha fokus på engasjement som kan gje banken framtidige tap. Ei oppfølgingsgruppe har hatt møte kvar månad der alle tapsutsette engasjement er gjennomgått i høve til risiko og følgd opp særskilt. Endringar i risikosamansetninga blir rapportert i banken sin risikorapport som styret handsamar kvart kvartal.

I 2012 er det venta og budsjettert med 5 mill. kroner i tap i utlånsporteføljen. Kredittrisikoen i verdipapirporteføljen er estimert til ca kr 183.000 i forventa tap når ein byggjer på rating-kategori og attståande tid til forfall.

Styret vurderer samla kredittrisiko som tilfredsstillande.

Likviditetsrisiko


Likviditetsrisikoen er risikoen for at banken ikkje er i stand til å refinansiere si gjeld eller ikkje har evne til å finansiere ein auke i egedelar utan vesentlege ekstrakostnader. Styringa av banken sin finansieringsstruktur tek utgangspunkt i ein overordna policy for likviditetsstyring som blir gjennomgått og vurdert av styret minimum årleg. Banken har ein langsiktig fundingstrategi og søker å redusere likviditetsrisikoen ved å ha eit balansert forhold mellom langsiktige og kortsiktige innlån, spreining til ulike marknader og låneinstrument. I tillegg legg banken vekt på å ha ein spreidd forfallsstruktur som reduserer refinansieringsrisikoen mest mogeleg.

Banken har eit behov for å hente pengar i marknaden til å finansiere differansen mellom innskot og utlån. Sjølvfinansieringsgraden er stigande over tid i takt med at fleire lån blir overført til boligkreditselskapet. Ved utgangen av året er den på 72,8%. Nye innlån i 2011 utgjer 500 mill. kroner der 400 mill. er refinansiering av forfalle innlån. Banken har ikkje hatt problem med å refinansiere lån i løpet av året sjølv om den internasjonale finansuroa har prega marknaden. Derimot har kostnaden på nye innlån vore høg.

Finanstilsynet sine likviditetsindikatorar blir nytta til å måle likviditetsrisikoen. Per 31.12.11 har banken 103,2 i likviditetsindikator 1 (finansiering over 1 år) og 107,7 i likviditetsindikator 2 (finansiering over 1 mnd.). Dette viser at banken sin likviditetssituasjon er god.

Til å dekkje opp svingingar i likviditeten har banken avtaler om kommiterte (forplikta) trekkrettar. Trekkrettane saman med likviditetsreservar gjer at banken kan dekkje alle kjente forfall meir enn 18 månader fram i tid. Banken har 81% av si framandfinansiering som langsiktige lån med attståande løpetid på over 1 år. I dagens marknad har prisen på slike kommiterte trekkrettar blitt svært høg og fornying av slike avtaler er mindre aktuelt. Alternativet for banken er å liggje med ein høgare grad av ekstern finansiering som buffer mot likviditetssvingingar.

Banken har alle innlån i den norske marknaden fordelt på 5 obligasjonslån og 2 banklån. Ved utgangen av året var unytta trekkrettar på 50 mill. kroner og oppgjerskredittar på 40 mill. kroner.



Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er definert som risiko for feil og manglar som konsekvens av mangelfulle system, rutinar og kompetanse. Konkrete døme kan vere:

- Menneskeleg svikt og manglande kompetanse
- Svikt i IKT-system
- Uklar policy, strategi eller rutinar
- Kriminalitet og interne misleghald

Fagsjefane har ansvar for kvalitet innafor sine fagområde. Det blir gjennomført kvartalsvise kontrollhandlingar på kvart fagområde som blir rapportert til administrerende banksjef. Controllerfunksjonen er også tidlegare nemnd. I tillegg satsar SpareBank 1-alliansen og banken på kompetanseheving gjennom kontinuerleg tilbod om etterutdanning/vidareutdanning, sertifisering som SpareBank 1-rådgjevar og autorisasjon som finansiell rådgjevar (AFR).

Meir informasjon om banken sin risiko og styring av denne finn ein på banken sine heimesider www.sb1.no i Basel 2-rapporten (sjå: Om oss – Resultat – Anna finansiell informasjon).

Konsernet sin organisasjon

SpareBank 1 Hallingdal har ikkje hovudkontor. Bankverksemda blir drive frå fem likeverdige fullservicekontor lokalisert i tettstadene Ål, Hemsedal, Gol, Geilo og Fagernes. Datterselskapet Hemsedal Regnskap AS er lokalisert i Hemsedal. EiendomsMegler 1 Fjellmeglaren AS er lokalisert på Geilo, Gol og Hemsedal.

Ved utgangen av året hadde konsernet 104 heil- og deltidstilsette. Samla årsverk ved utgangen av året var på 95 (mot 85 i 2010).

Samla personalkostnader, inkludert pensjonskostnader og sosiale kostnader utgjorde 62,3 mill. kroner i 2011. Godtgjersle til administrerende banksjef, styret og andre tillitsvalde går fram av note 8.

Morbanken held i 2011 fram med si satsing på kompetanseheving. Banken har dei siste åra vore sterkt delaktig i å få på plass eit utdanningsprogram innafor alliansen,

Læringshuset PM (privatmarknaden) og Læringshuset BM (bedriftsmarknaden). Implementeringa av Læringshuset PM er gjennomført og det er gjort eit stort kompetanseløft i banken på dette området dei siste åra. Ved utgangen av 2011 var 21 rådgjevarar sertifisert som SpareBank 1 Rådgjevar PM.

I 2008 vart det i bransjen godkjent ei ny autorisasjonsordning for finansielle rådgjevarar, som frå 2009 er inkludert i læringshuset PM. I løpet av 2011 nådde banken målsetjinga for dette kompetanseløftet, og per 31.12.2011 har banken heile 30 autoriserte finansielle rådgjevarar (AFR).

I 2009 vart bransjen og einige om eit felles krav om utdanning for skadeforsikringsrådgjevarar, Godkjenningssordning Skadeforsikring. Også denne ordninga er no inkludert i læringshuset PM. Per 31.12.2011 har banken heile 27 godkjente skadeforsikringsrådgjevarar, og banken har nådd målsetjinga for gjennomføringa av dette kompetanseløftet innan fristen.

Implementeringa av autorisasjonsordninga for finansiell rådgjeving, samt godkjenningssordning skadeforsikring, vil gje banken eit kompetanseløft med større kunnskapsmessig profesjonalitet og dyktigheit i rådgjevinga overfor kundane. Banken har evna å implementere alle desse kompetanseløfta på ein god måte. Kompetanseløftet vil halde fram i dei komande åra for nye rådgjevarar, samt for dei erfarne rådgjevarane i form av årlege krav om kompetanseoppdatering.

Læringshuset BM, som er eit kompetanseprogram for bedriftsrådgjevarane i alliansen, er under stadig vidareutvikling. Dette vil gje eit kontinuerleg kompetanseløft for bedriftsrådgjevarane dei komande åra. I tillegg kjem autorisasjonsordninga for finansielle rådgjevarar og godkjenningssordninga skadeforsikring som mange av våre bedriftsrådgjevarar også er omfatta av.

I løpet av 2011 har fleire tilsette delteke på vidareutdanningsprogram, i hovudsak innafor BI-systemet.

Styret vurderer banken sitt arbeidsmiljø som tilfredsstillande. SpareBank 1 Hallingdal har eit eige Arbeidsmiljøutval. Arbeidsmiljøutvalet sine medlemmer og verneomboda er gitt nødvendig opplæring. Banken er IA-bedrift (Inkluderande Arbeidsliv), og har medlemsavtale med Hallingdal og Valdres Bedriftshelseteneste (HAVA BHT). Bedriftshelsetenesta har hjulpet banken med HMS-arbeidet, bl.a. gjennom deltaking på AMU-møter, gjennomføring av arbeidsplassvurderingar og ergonomiopplæring, og er disponibel i samband med oppfølging av sjukefråvere m.m.

Den årlege klimaundersøkinga er gjennomført i 2011, og er følgd opp på alle nivå i banken. Banken sitt HMS-system er vidareutvikla i 2011.

SpareBank 1 Hallingdal har eit eige sikkerheitsutval, for å sikre nødvendig fokus og koordinering av sikkerheitsarbeidet i banken.

Sjukefråveret i banken har dei siste åra vore stabilt lågt og godt under gjennomsnittet i bransjen. For 2011 har det vore noko meir langtidssjukdom og det samla sjukefråvære var på 5,6% av total arbeidstid (mot 2,6%

i 2010). Av dette var 4,8% legemeldt (mot 1,9% i 2010). Legemeldt langtidssjukdom utgjorde 3,5%. Datterselskapa rapporterer om svært lågt sjukefråvere i året.

Legemeldt sjukefråvere	2011	2010
Morbank	5,6%	1,9%
Hemsedal Regnskap AS	1,7%	1,3%
EiendomsMegler 1, Fjellmegleren AS	0,2%	0,0%

Banken har registrert og meldt i frå om brannen på Gol hausten 2011, der 4 personar var direkte involvert i sløkkinga. Hendinga vart registrert som ulykke med mogeleg personskade i arbeidsutføring i 2011. Banken har ikkje vore utsett for ran i 2011.

I løpet av 2011 har banken fått 7 nye medarbeidarar i fast stilling eller lengre vikariat. «Turnover» har vore låg i 2011. Totalt 3 personar i fast stilling har slutta. Av desse har 1 person gått av med AFP-pensjon. Faktisk «turnover» utover AFP tilsvarar 2,5% mot 3,8% året før.

Banken ønskjer å ha fokus på miljøet. Banken si verksemd forureinar ikkje det ytre miljøet direkte, men sidan banken har ei desentralisert organisering, blir det ein del reiseverksemd mellom avdelingskontora. I tillegg blir det ein del reising i samband med møteverksemd innan alliansen. Dette medfører ein del bilkøyning, som i 2011 har hatt eit omfang på 222.000 km. per år for morbanken. I 2009 kjøpte alle bankar i Sparebank 1-alliansen videokonferanseutstyr med ei konkret målsetting om å redusere reiseverksemda for å spare miljøet og effektivisere tidsbruken gjennom mindre reisetid. SpareBank 1 Hallingdal har installert videokonferanseutstyr på alle kontora, som blir nytta til både interne og eksterne møter noko som reduserer reiseverksemda.

Likestilling

I samsvar med krav i likestillingslova skal det i årsmeldinga gjerast greie for situasjonen i konsernet når det gjeld likestilling.

Tilsette i konsernet per 31.12.11 fordelte seg med 58% kvinner og 42% menn. I morbanken var fordelinga 59% kvinner og 41% menn. På leiarnivå er kvinneandelen i konsernet 32% og i morbanken 35%. I styret er samansetninga 4 menn og 3 kvinner.

Kjønnsfordeling	Morbank	Konsern
Kvinner	59%	58%
Menn	41%	42%
Tilsette	82	104
Årsverk	77,5	94,8

Gjennomsnittsalderen for tilsette i datterselskapa er 52 år i Hemsedal Regnskap AS, 37 år i EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS og i morbanken 45 år. Gjennomsnittsalderen for kvinnene i morbanken er 44

år, medan 47 år for menn. Gjennomsnittsalderen er lik for både kvinnelege og mannlege leiarar, nemlig 47 år

Gjennomsnittsalderen i 2011	Morbank	Hemsedal Regnskap AS	EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS
Alle tilsette	45 år	52 år	37 år
Kvinner	44 år	51 år	38 år
Menn	47 år	53 år	37 år
Kvinnelege leiarar	47 år	—	—
Mannlege leiarar	47 år	—	—

Det er ikkje lønsforskjellar mellom kjønna i banken for medarbeidarar i same type stilling, men det kan vere stor lønsforskjell mellom stillingar ut frå stillingsinnhald og krav til kompetanse.

Arbeidstida er lik for begge kjønn, men kvinner ønskjer i større grad redusert arbeidstid enn menn. Banken har såleis ei overvekt av kvinner i deltidsstillingar.

Banken oppmuntrar og legg forholda til rette for kompetanseheving og rekruttering av kvinnelege tilsette i ledige leiarstillingar. Forholda blir lagt til rette blant anna gjennom fleksible arbeidstidsordningar, permisjonsordningar og utdanningsavtale. Store moglegheiter for å ta del i og ansvar for prosjekt og fagleg utvikling må og sjåast som eit ledd i banken sitt likestillingsarbeid.

Banken har som målsetjing å tilby dei kvinnelege medarbeidarane mogelegheit til å søkje banken om få plass på finansbransjen sitt leiarprogram for kvinner, Futura-programmet kvart tredje år. For studieåret 2011-2012 har banken ein deltakar med på dette programmet.

Banken har i 2011 utøvd sitt virke i samsvar med diskrimineringslova si formålparagraf om å fremme likestilling, sikre like høve og å hindre diskriminering som følge av etnisitet, nasjonal opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn. Leiinga i banken er særleg merksam på dette i samband med rekruttering. I eksisterande tilsettingsforhold er merksemda retta mot løns- og arbeidsvilkår, samt høve til forfremming og personleg utvikling for medarbeidarane.

Resultatet for 2011 i morbank

Driftsresultatet før tap og skatt i morbank vart 58,0 mill. kroner eller 1,01% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I høve til 2010 er dette ein nedgang frå 79,3 mill. kroner, eller 1,40% av forvaltningskapitalen.

Resultatet før skatt vart 46,3 mill. kroner og er 25,3 mill. lågare enn i 2010. Resultatet i 2010 var prega av ekstraordinære postar og er såleis ikkje direkte samanliknbart. Korrigert for dei ekstraordinære postane er resultatet i 2011 likevel ca. 10 mill. lågare enn i 2010.

Resultat etter skatt enda på 32,1 mill. kroner mot 56,3 mill. i 2010. Dette gir ein eigenkapitalrentabilitet etter skatt på 4,1%. Resultatnedgangen skuldast fleire tilhøve som blir kommentert i det følgjande.

Også i 2011 har rentenivået vore på eit stabilt, lågt nivå. Norges Bank justerte si rente berre to gonger i løpet av året, ein gong opp 0,25 prosentpoeng 12. mai, og ein gong ned med 0,5 prosentpoeng 14. desember. Marknadsrentene har stort sett følgd same kurve. I ein stabil rentemarknad blir etter kvart konkurransen tilspissa fordi rentevilkår blir pressa til det heilt marginale. Det låge rentenivået har også ført til nokså beskjeden avkastning på banken sine plasseringar i rentepapir. På innlånsmarknaden har kredittpåslaget (det banken må betale over marknadsrente) auka gjennom året og er ved utgangen av året på eit høgare nivå enn under finanskrisa i 2008. Hovudårsaka til denne auken i kredittpåslaget i finansmarknaden må tilskrивast den internasjonale finansuroa knytt til gjeldssituasjonen i dei såkalla PIIGS-landa (Portugal, Irland, Italia, Hellas og Spania).

Morbanken sine netto rente- og kredittprovisjonsinntekter enda på 104,4 mill. kroner, som tilsvarar ein rentenetto på 1,82% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Tilsvarande tal for 2010 var 106,4 mill. kroner og 1,88%. Banken sin rentenetto har dei siste åra vore under press frå 4 kantar. For det første har konkurransesituasjonen lagt press på utlånsrenta. For det andre fører strengare likviditetskrav til bankane til prispress på innskot frå kundar og dårlegare avkastning på plasseringar i marknaden. Desse 2 årsakene gjer at rentemarginen er redusert frå 2,27% til 2,12% det siste året. For det tredje gjer eit lågt rentenivå det vanskelegare å få avkastning på eigenkapitalen, og for det fjerde gjer den internasjonale finansuroa sitt til at banken si finansiering blir mykje dyrare. Alle desse årsakene vil vere ein del av bankverda også i tida framover. Det er grunn til å håpe at den internasjonale finansuroa kan avdempast og gje meir tillit inn i marknaden slik at i det minste innlånskostnadane kjem ned på eit meir normalt nivå.

Sum netto andre driftsinntekter utgjorde 46,6 mill. kroner eller 0,81% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Morbanken har i 2011 motteke utbytte på til saman 9,5 mill. kroner på ulike aksjepostar. Det største utbyttet kjem frå Samarbeidende Sparebanker AS på 7,7 mill. kroner. Dette er utbytte frå SpareBank 1 Gruppen som blir kanalisert gjennom samanslutninga mellom dei mindre bankane i SpareBank 1. Utover dette utgjer utbytte frå andre anleggsaksjar vel 0,9 mill. kroner og utbytte frå omløpsaksjar 1,0 mill. kroner. I tillegg er inntekter frå dotterselskapa inntektsført her med 0,8 mill. kroner.

Netto provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester var i 2011 på 34,9 mill. kroner. Dette er ein liten nedgang i høve til året før. Fleire av postane viser ei normal utvikling, men provisjonsinntektene frå overførte lån til Boligkreditt er kraftig redusert i løpet av året. Årsaka til det finn ein i det høge kredittpåslaget som også boligkreditselskapet møter når dei finansierer seg internasjonalt. Det gjer at «innkjøpskostnaden» på kapital blir høg også for dette selskapet. Den auka kostnaden har i mindre grad blitt prisa inn i kundane si lånerente.

Banken si verdipapirportefølje gav ein realisert gevinst på 0,6 mill. kroner i 2011. I tillegg har banken renteinntekter på obligasjonar og utbetalt utbytte på aksjar som inngår i netto renteinntekter og utbytte på aksjar. Ser ein på samla avkastning på forvaltninga av porteføljen for året vart den lik 0. Årsaka til det er at verdireduksjonen (urealisert) tilsvarar utbytte, renteinntekter og realiserede kursgevinstar i året. I 2010 var samla avkastning 4,5%. Ved utgangen av året hadde porteføljen eit urealisert tap på 1,4 mill. kroner. Året 2011 var eit vanskeleg år for verdipapirplasseringar pga. børsfall gjennom året og lågt rentenivå på obligasjonar.


Etter ein nedgang i sum driftskostnadar dei siste 2 åra, auka dei litt i 2011. I 2010 var kostnaden låg pga. ei tilbakeføring av tidlegare pensjonsavsetningar til AFP-ordninga. Banken si pensjonsavsetning vart då redusert med 8,9 mill. Om ein ser bort frå denne endringa, er driftskostnadane 1,9 mill. over nivået i 2010. Samla kostnader på 93,1 mill. kroner utgjer 1,62% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Samanliknande tal for 2010 er 82,3 mill. kroner og 1,46%. Lønskostnadane auka med 4,6%, men talet på årsverk er auka frå 71 til 77,5 det siste året (9,1%).

Administrasjonskostnadar har ein auke på 1,9 mill. kroner det siste året. Ein del av kostnadsveksten er knytt til drift av alliansen som har gjort ei større satsing på digitale kanalar dei siste 2 åra.

Dei andre driftskostnadane viser også ein auke på 0,4 mill. kroner. Banken har i året kostnadsført ein god del ekstern konsulenthjelp i samband med tidlegare nemnde omstruktureringar i konsernet.

Banken sin kostnadsprosent i 2011 var 61,6. Samanlikna mot året før på 50,9% er dette ein stor auke, men då må ein ta med den tidlegare tilbakeføringa av pensjonsavsetning som påverka fjorårstala. Korrigert for dette var samanliknbar kostnadsprosent 57,3. Auken i kostnadsprosent kjem gjennom både reduksjon i inntekter og auke i kostnader.

Kostnadsprosent morbank
ekskl. verdipapir



Låne- og garantiporteføljen er gjennomgått og vurdert i samsvar med retningslinjer frå Finanstilsynet. Banken sin administrasjon går fire gonger årleg gjennom låneporteføljen innafor både privat- og bedriftsmarknaden med konkret vurdering av tapsutsette engasjement med etterfølgjande innstilling til styret på tapsføring og nedskriving. Meir informasjon om desse vurderingane er omtala i note 3.

Banken hadde i 2011 eit netto tap på utlån og garantiar med 11,1 mill. kroner. Mesteparten av tapkostnaden kjem frå nedskrivingar i porteføljen (10,6 mill.). Resterande del av tapkostnaden er konstaterte tap/inntektsføring av tidlegare tapsføringar med 0,5 mill. kroner.


Årsresultatet på 32,1 mill. kroner etter skatt er lågare enn styret sine forventningar.

Årsoverskot og disponeringar

Styret foreslår følgjande disponering av årets overskot:

Overført frå gåvefond i samband med utbetalingar	(kr 9.420.000,-)
Overført til sparebanken sitt fond	kr 28.578.000,-
Overført til gåvefond med ålmennyttige føremål	kr 12.920.000,-
Sum disponert	kr 32.078.000,-

Etter årets gåveutbetalingar og avsetjing til gåvefondet er gåvefondet på kr 14.549.000,-.




Resultatet for 2011 i konsernet

Det er morbanken som utgjer dei største resultatpostane i konsernrekneskapen. Dotterselskapa blir konsolidert inn i konsernrekneskapen med både inntekter og kostnader. Transaksjonar mellom selskapa blir eliminert. Konsernet sin resultatandel frå dei felleskontrollerte verksemdene Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar), Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest II AS blir inntektsført og evt. utbetalt utbytte eliminert for å ikkje å få dobbel verknad.

Eigedomsselskapa skal i utgangspunktet ha eit resultat tilnærma i balanse og skal såleis ha liten netto innverknad på konserntala, men det vil virke inn på dei ulike resultatpostane. I 2011 har alle dotterselskap eit positivt resultat som til saman utgjer 0,6 mill. kroner.

Resultatet frå SpareBank 1 Gruppen blir innarbeidd etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen gjennom Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar). Banken sin andel av dette utgjer 5,9 mill. kroner, men tidlegare omtala motteke utbytte på 7,8 mill. kroner blir eliminert slik at netto verknad i konsernrekneskapen er -1,9 mill. kroner i høve til morbankresultatet.

SpareBank 1 kjøpte Glitnir Bank hausten 2008. SamSpar sin eigardel er lagt inn i selskapet Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Banken sin resultatandel frå dette selskapet utgjer 14,3 mill. kroner. Ein del av dette resultatet kjem frå inntektsføring av badwill frå kjøpet. I løpet av året har det skjedd endringar på eigarsida i Bank 1 Oslo Akershus. Banken er no gjennom selskapet Samarbeidende Sparebanker Bankinvest II AS vorte eigar i banken. Her er resultatandel på 1,2 mill. innarbeidd i konsernrekneskapen. Det samla bidraget frå alliansen inn konsernrekneskapen utgjer dermed 13,7 mill. kroner.




Driftsresultatet før skatt i konsernet vart 61,3 mill. kroner, mot 89,8 mill. kroner i 2010.

Resultat etter skatt enda på 46,0 mill. kroner mot 73,6 mill. i 2010. Dette gir ein eigenkapitalrentabilitet etter skatt på 5,5%.

Balansen

Konsernet hadde ved utgangen av 2011 ein forvaltningskapital på 5.921 mill. kroner, som er ein beskjeden auke på 101 mill. kroner eller 1,8% frå utgangen av 2010. Årsaka til den låge veksten er lån som blir lagt over til Boligkreditt gjennom året og såleis tek vekk utlånsvæksten og tilhøyrande finansiering. Det er små endringar i innskots- og innlåns volum i 2011.

Forvaltningskapital (mill. kr), konsern



Brutto utlån auka 163,6 mill. kroner, eller 3,4% i 2011. Veksten i 2010 var 1,7%.

Ved årsskiftet hadde banken overført bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS for 765,5 mill. kroner. Tek me omsyn til overføringer er reell utlånsvekst i konsernrekneskapen 4,4%.


Banken hadde ved årsskiftet fastrenteutlån på til saman 209,5 mill. kroner i egne bøker. Fastrente-utlåna er som tidlegare nemnd delvis sikra gjennom rentebytteavtalar medan noko inngår i banken sin samla renterisiko.

Som nemnd tidlegare, er tapsnedskrivningane auka ein god del i 2011. Dei individuelle nedskrivningane er auka frå 21,1 mill. til 27,6 mill. kroner etter gjennomgang av tapsutsette engasjement i året. Dei gruppevise nedskrivningane er auka med 4 mill. frå 18,9 til 22,9 mill. kroner. Brutto misleghalde engasjement over 90 dagar utgjer 120,5 mill. kroner, mot 107,1 mill. i 2010. Misleghaldet utgjer 2,4% av brutto utlån. Tendensen dei siste 2 åra er eit aukande misleghald.

Avsetningsgrad for misleghalde engasjement er 22,9% og for andre tapsutsette engasjement 25,4%. I 2010 var avsetningsgraden til samanlikning 19,5% og 2,1%. Banken har auka avsetningsgraden i 2011.


Utlån og garantiar fordelt på sektorar og risiko er nærare omtala i note 3.

Innskotsdekning (%), morbank



Etter forslag til avsetningar utgjer konsernet sin eigenkapital ved utgangen av året 844 mill. kroner. Konsernet sin eigenkapitalandel er på 14,3%.

Eigenkapital (mill. kr), konsern



I samsvar med lov om årsrekneskap m.v. § 3-3a, stadfestar styret at føresetnadane for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen er sett opp etter denne føresetnaden.

Soliditet - kapitaldekning

Ved utgangen av 2011 hadde konsernet SpareBank 1 Hallingdal ein netto ansvarleg kapital på 745 mill. kroner. Banken brukar standardmetoden til å rekne ut kapitaldekninga. Den var ved utgangen av 2011 på 16,1% (i 2010: 16,9%). På morbanknivå var kapitaldekninga 16,8% (17,8%). Banken har ikkje tilleggskapital slik at banken si kapitaldekning er lik kjernekapitaldekning.

Banken sitt soliditetsmål er ei kjernekapitaldekning på minimum 12,0%, medan kapitaldekninga skal vere minimum 14,0% (jf. banken sin ICAAP-vurdering i 2011). Minimumskravet til kapital i høve til risikovekta berekningsgrunnlag er 8% som gir eit minimumskrav til konsernet på 371 mill. kroner. Overdekning i høve til det regulatoriske kravet er på 374 mill. kroner. Dette viser at banken har god soliditet.

Meir informasjon om banken si kapitaldekning og kapitalstyring finn ein på banken sine heimesider www.sb1.no i Basel 2 – rapporten (sjå Om oss – Resultat – Anna finansiell informasjon).

Dotterselskap

Alle dotterselskap er heileigde av morselskapet.

Hemsedal Regnskap AS vart stifta i 1984. Selskapet leverer rekneskapstenester og rådgjeving til næringslivet i området, og er det einaste lokale rekneskapsfirma med ein viss storleik i Hemsedal. Ved årsskiftet hadde selskapet 9 fast tilsette. Hemsedal Regnskap AS hadde eit resultat etter skatt i 2011 på kr 107.000 mot kr 591.000 i 2010.

EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS vart stifta i 2000. SpareBank 1 Hallingdal kjøpte i 2007 85% av aksjane i selskapet. Dei resterande 15% vart kjøpt i 2011. I løpet av året EiendomsMegleren Ringerike Hadeland sine avdelingar på Gol og i Hemsedal fisjonert ut og fusjonert inn i selskapet. Banken kjøpte i 2011 selskapet Hemsedal EiendomsMegling AS i Hemsedal. Denne verksemda er også fusjonert inn i selskapet. Etter denne fusjonen vart selskapsnamnet endra til EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS. Selskapet driv eigedomsmeikling på Geilo, Gol og Hemsedal. Selskapet har 12 tilsette. Aktiviteten i marknaden har variert noko dei siste åra. Resultatet for 2011 viser eit overskot på kr 1.445.000. I 2010 var overskotet på kr 722.000.

SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS driv med utleige og drift av fast eigedom og driftslausøyre. Selskapet vart stifta i mai 2005. I 2011 vart selskapa SpareBank 1 Ål Eigedom AS og SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS fusjonert inn i selskapet SpareBank 1 Gol Eigedom som samstundes skifta namn til SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS. Selskapet leiger ut lokale og driftslausøyre til banken på Gol, Ål og i Hemsedal. I tillegg leiger selskapet ut lokale til dotterselskapa EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS og Hemsedal Regnskap AS samt enkelte andre eksterne leigetakarar i Hemsedal og på Ål. Resultatet etter skatt i 2011 vart eit overskot på kr 871.000. I 2010 var overskotet på kr 1.013.000.

SpareBank 1 Hallingdal Invest AS har som føremål å investere i verksemdar. Selskapet vart stifta i 1982 som eit eigedomsselskap, men endra namn og føremål i 2006 etter at selskapet sin eigedom vart overført til det nystarta selskapet SpareBank 1 Ål Eigedom AS. Selskapet har ingen fast tilsette. I 2009 kjøpte selskapet eit tomteområde på Flå der målet er å utvikle det for sal til utbyggjarar. Området er i ferd med å bli klart for utbygging og det må påreknast noko investeringar framover. Resultatet etter skatt i SpareBank 1 Hallingdal Invest AS i 2011 vart eit underskot på kr 183.000 mot eit overskot på kr 100.000 i 2010.

Utsiktene for 2012

Den 19. januar gjorde forstandarskapet i SpareBank 1 Hallingdal og Øystre Slidre Sparebank vedtak om å fusjonere bankane og vidareføre dei under namnet SpareBank 1 Hallingdal Valdres. Samstundes vart det gjort vedtak om å omdanne banken sin grunnfondskapital til eigarandelskapital og oppretting av lokale sparebankstiftelsar i Hallingdal og Øystre Slidre. Stiftelsane blir framtidige eigarar av eigenkapitalbevisa i den fusjonerte banken. Dette er eit historisk vedtak og banken vil for første gong ha eigarar som vil ta i mot utbytte.

Denne avgjerda vil prege banken si verksemd i 2012. I første halvår vil planlegging av fusjonen ha full merksemd, medan det i andre halvår blir gjennomføringa av fusjonen som vil dominere. Styret forventar ein positiv effekt av fusjonen gjennom større marknadsandel i Valdres og større synlegheit overfor næringslivet i området.

I løpet av året blir banken meir synleg på Geilo, både gjennom lokalisering og at avdelinga er tilført den ressursbreidda som har vore målet. Denne endringa bør føre til vekst innafor bedriftsmarknaden i øvre delar av Hallingdal.

Banken arbeider for å betre rentenettoen, men den internasjonale finansuroa kan forstyrre dette arbeidet gjennom høge kredittpåslag i marknaden. Uroa gjer det også naudsynt å ha ein god likviditetsreserve over tid, noko som også legg press på rentenettoen.

Den 9. januar i 2012 kjøpte banken alle aksjane i Valdres Regnskap AS. Kjøpet er ein del av ein strategi om å utvikle regnskaps- og økonomidelen i konsernet i tida framover.

Styret ønskjer å takke banken sine tilsette for innsatsen gjennom 2011. Solid innsats i alle ledd i organisasjonen har gitt banken eit godt utgangspunkt for 2012. Styret vil også takke kundar, tillitsvalde og andre forbindelsar som er viktige for banken si verksemd og framleis sterke posisjon i marknaden.

Ein syner elles til rekneskapan med noter.

Hallingdal, 31. desember 2011 / 13. februar 2012

Kjell Vidar Bergo (sign.) Ragnhild Kvernberg (sign.) Kjell R. Kristiansen (sign.)
styreformann

Kristin Ourom (sign.) Mikael Fønhus (sign.) Sissel Bjørøen (sign.)

Vidar Isungset (sign.) Knut Oscar Fleten (sign.)
adm. banksjef

Erklæring i samsvar med lov om verdipapirhandel § 5-6

Styret og dagleg leiar har i dag handsama og godkjent årsmelding og årsrekneskap for SpareBank 1 Hallingdal, konsern og morselskap, for kalenderåret 2011 og per 31.12.11.

Rekneskapen er avlagt i samsvar med norske opplysningskrav som følgjer av rekneskapslova, og som skal nyttast per 31.12.11. Det ligg ikkje føre transaksjonar gjennomført av nærstående som har hatt vesentleg innverknad på verksemda si stilling eller resultat i løpet av rapporteringsperioden.

Me stadfester at årsrekneskapen og årsmeldinga etter vår beste overtyding er utarbeidd i samsvar med gjeldande reknekapstandardar og at opplysningane i rekneskapen gir eit rettvisande bilete av banken og konsernet sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling og resultat som heilheit.

Me stadfestar at årsmeldinga gir ein rettvisande oversikt over utviklinga, resultatet og stillinga til banken og konsernet, saman med ei skildring av dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar føretaket står overfor

Hallingdal, 13. februar 2012

Kjell Vidar Bergo (sign.) Ragnhild Kvernberg (sign.) Kjell R. Kristiansen (sign.)
styreformann

Kristin Ourom (sign.) Mikael Fønhus (sign.) Sissel Bjørøen (sign.)

Vidar Isungset (sign.) Knut Oscar Fleten (sign.)
adm. banksjef

Hovudtal morbank

Beløp er i heile 1000 kroner

Resultatsamandrag (heile tusen kroner)	2011	% *)	2010	% *)
Netto rente- og provisjonsinntekter	104 448	1,82	106 432	1,88
Sum andre inntekter	46 635	0,81	55 214	0,98
Sum inntekter	151 083	2,63	161 646	2,86
Sum driftskostnader	93 075	1,62	82 298	1,46
Resultat før tap	58 009	1,01	79 349	1,40
Tap på utlån, garantiar m.v.	11 090	0,19	13 314	0,24
Nedskr./reversering av nedskr. og gev./tap på vp.	614	0,01	-5 539	-0,10
Resultat etter tap	46 305	0,81	71 573	1,27
Skattekostnad	14 227	0,25	15 223	0,27
Resultat	32 078	0,56	56 350	1,00
Lønsemnd				
Eigenkapitalavkastning etter skatt	4,08%		7,50%	
Kostnadsprosent	61,60%		50,91%	
Balansetal				
Brutto utlån til kundar	5 108 556		4 945 957	
Brutto utlån til kundar inkl. SpareBank 1 Boligkreditt	5 874 030		5 629 950	
Innskot frå kundar	3 718 770		3 538 958	
Innskotsdekning	72,79%		71,55%	
Utlånsvekst (brutto) siste 12 mnd.	3,29%		1,62%	
Utlånsvekst inkl. SpareBank 1 Boligkreditt	4,34%		5,70%	
Innskotsvekst siste 12 mnd.	5,08%		0,73%	
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	5 742 720		5 652 173	
Forvaltningskapital	5 851 908		5 761 723	
Tap og misleghald				
Tapsprosent utlån	0,22%		0,27%	
Misleghalde eng. i % av brutto utlån	2,36%		2,18%	
Andre tapsutsette eng. i % av brutto utlån	0,23%		0,20%	
Soliditet				
Kjernekapitaldekning	16,81%		17,79%	
Kapitaldekning	16,81%		17,79%	
Kjernekapital	779 302		763 059	
Netto ansvarleg kapital	779 302		763 059	
Berekningsgrunnlag kredittrisiko Basel II	4 384 566		4 167 380	
Totalt kapitalkrav Basel II	370 872		343 196	
Kontor og tilsette				
Kontor	5		5	
Årsverk i bankdrifta	77,5		71,0	

*) % av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Resultatrekneskap

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

	Note	2011 Morbank	2011 Konsern	2010 Morbank	2010 Konsern
Renteinntekter og liknande inntekter					
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kred.inst.		4 879	5 021	5 459	5 544
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kundar		226 667	223 643	216 131	213 380
Renter og likn. innt. av sertifi., obl. og and. renteb. v.pap.	1	8 987	8 987	7 394	7 394
Andre renteinntekter og liknande inntekter		278	282	2 226	2 226
Sum renteinntekter og liknande inntekter		240 811	237 933	231 210	228 544
Rentekostnader og liknande kostnader					
Renter og liknande kostn. på gjeld til kred.institusjonar		9 370	9 406	12 086	12 150
Renter og liknande kostn. på innsk. frå og gjeld til kundar		86 480	86 387	75 685	75 516
Renter og liknande kostn. på utstedte verdipapir		39 244	39 244	33 948	33 948
Andre rentekostnader og liknande kostnader		1 269	1 271	3 059	3 059
Sum rentekostnader og liknande kostnader		136 363	136 308	124 778	124 673
NETTO RENTE- OG KREDITTPROVISJONSINNTEKTER		104 448	101 625	106 432	103 871
Utbytte og andre innt. av v.pap. med var. avkastning					
Inntekter av aksjar, andelar og andre verdipapir med var. avkast.	2	1 881	1 881	3 698	3 698
Inntekter av eigarinteresser i tilknyttta selskap	2	7 667	21 330	9 667	26 891
Inntekter av eigarinteresser i konsernselskap	2	750	-	1 238	-
Sum utbytte og andre inntekter av v.pap.med var. avkastning		10 298	23 211	14 603	30 589
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester					
Garantiprovisjon	5	1 086	1 086	1 078	1 078
Andre gebyr og provisjonsinntekter	6	36 603	36 603	36 712	36 712
Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		37 689	37 689	37 790	37 790
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester					
Andre gebyr og provisjonskostnader		2 765	2 765	2 141	2 142
Netto verdiendr, gev./-tap på val. og v.papir som er oml.m.					
Nto verdiendr., gev./-tap på sertifikat, obl.og andre renteb. v.pap.		-1 465	-1 465	135	135
Nto verdiendr., gev./-tap på aksjar og and. v.pap. med var.avkastn.		1 147	1 147	1 599	1 599
Nto verdiendr., gev./-tap på valuta og finansielle derivater	12	948	948	931	931
Sum nto verdiendr, gev./-tap på val. og v.papir som er oml.m.		630	630	2 665	2 665
Andre driftsinntekter					
Driftsinntekter faste eigedomar	4	189	194	121	877
Andre driftsinntekter		594	28 709	2 176	18 316
Sum andre driftsinntekter		783	28 903	2 297	19 193
SUM ANDRE INNTEKTER		46 635	87 668	55 214	88 095
SUM NETTO DRIFTSINNTEKTER		151 083	189 293	161 646	191 966

	Note	2011 Morbank	2011 Konsern	2010 Morbank	2010 Konsern
Løn og generelle administrasjonskostnader					
Løn	8a	35 401	49 869	33 831	42 937
Pensjonar	9	2 692	3 013	-3 118	-3 162
Sosiale kostnader		7 065	9 402	6 205	7 537
Administrasjonskostnader		27 343	27 346	25 412	25 412
Sum løn og generelle administrasjonskostnader		72 501	89 630	62 330	72 724
Avskrivningar m.v. av varige dr.middel og immatr. eigned.					
Ordinære avskrivningar	4	1 925	7 116	1 718	7 029
Andre driftskostnader					
Driftskostnader faste eiendommar		81	1 073	37	701
Andre driftskostnader	7	18 567	18 431	18 213	14 080
Sum andre driftskostnader		18 648	19 504	18 250	14 781
SUM DRIFTSKOSTNADER		93 074	116 250	82 298	94 534
DRIFTSRESULTAT FØR TAP		58 009	73 043	79 348	97 432
Tap på utlån og garantiar					
Tap på utlån	3	11 090	11 090	13 314	13 314
Sum tap på utlån, garantiar m.v.		11 090	11 090	13 314	13 314
Nedskrivning/reversering av nedskrivning og gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar					
Gevinst/tap		-614	-614	5 538	5 699
Sum nedsk/rev av nedsk og gev/tap på vp som er anl.m.		-614	-614	5 538	5 699
RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD		46 305	61 339	71 572	89 817
Skatt på ordinært resultat	14	14 227	15 346	15 222	16 112
RESULTAT AV ORDINÆR DRIFT ETTER SKATT		32 078	45 993	56 350	73 705
Minoritetsandel av resultatet					115
RESULTAT FOR REKNESKAPSÅRET		32 078	45 993	56 350	73 590
Overføringar og disponeringar					
Overføringar					
Overført frå gåvefond		-9 420		-6 753	
Overført til sparebanken sitt fond	15	28 578		42 550	
Overført til gåvefond og/eller gåver		12 920		20 553	
SUM DISPONERINGAR		32 078	-	56 350	-

Balanse per 31. desember 2011

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

EIGEDELAR	Note	2011 Morbank	2011 Konsern	2010 Morbank	2010 Konsern
Kontantar og fordringar på sentralbankar		74 060	74 060	24 094	24 094
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		165 628	166 366	306 718	306 764
<i>Utlån til og fordringar på kundar</i>					
Kasse-/drifts- og brukskredittar		1 442 104	1 438 360	1 360 692	1 359 875
Byggjelån		144 565	144 565	120 650	120 650
Nedbetalingslån		3 521 887	3 446 931	3 464 615	3 385 775
Sum utlån før nedskriving		5 108 556	5 029 856	4 945 957	4 866 300
- Individuelle nedskrivingar	3	27 553	27 553	21 097	21 097
- Gruppevise nedskrivingar	3	22 900	22 900	18 900	18 900
Sum netto utlån og fordringar på kundar		5 058 103	4 979 403	4 905 960	4 826 303
<i>Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. verdipapir m/fast avkastning</i>					
Utstedt av det offentlege – Sertifikat og obligasjonar		-	-	51 549	51 549
Utstedt av andre – Sertifikat og obligasjonar		282 038	282 038	228 742	228 742
Sum sertifikat, obl. og andre rentebærande verdipapir	1	282 038	282 038	280 291	280 291
<i>Aksjar og andre verdipapir m/var. avkastning</i>					
Aksjar, andelar og grunnfondsbevis	2	94 675	95 654	96 910	97 894
Andelar i ansvarlege selskap, kommandittselskap m.v.	2	1 012	1 012	1 116	1 116
Sum aksjar og andre verdipapir m/var. avkastning		95 687	96 666	98 026	99 010
Eigarinteresser i tilknyttta selskap	2	91 635	152 491	75 853	128 472
Eigarinteresser i konsernselskap	2	34 892	-	24 454	-
<i>Immaterielle eigedelar</i>					
Goodwill	4	-	12 749	-	8 981
Utsett skattefordel	14	1 649	3 586	103	2 125
Sum immaterielle eigedeler		1 649	16 335	103	11 106
<i>Varige driftsmiddel</i>					
Maskinar, inventar og transportmidlar		4 369	7 801	4 766	7 706
Bygningar og andre faste eigedomar		3 271	83 836	3 271	86 867
Andre varige driftsmidlar		2 986	2 986	3 286	3 286
Sum varige driftsmiddel	4	10 626	94 623	11 323	97 859
<i>Andre eigedelar</i>					
Andre eigedelar		10 674	19 636	6 573	6 573
Sum andre eigedelar		10 674	19 636	6 573	6 573
<i>Forskotsbetalingar og opptente ikkje mottekne inntekter</i>					
Opptente ikkje mottekne inntekter		17 422	29 169	19 243	21 124
Overfinansiering av pensjonsforpliktingar	9	6 883	7 219	7 725	8 143
Andre forskotsbetalte ikkje påløpte kostnader		2 611	3 049	1 360	9 486
Sum forskotsbetalingar og opptente ikkje mottekne inntekter		26 916	39 437	28 328	38 753
SUM EIGEDELAR	10,11	5 851 908	5 921 055	5 761 723	5 819 225

GJELD OG EIGENKAPITAL		2011	2011	2010	2010
	Note	Morbank	Konsern	Morbank	Konsern
GJELD					
Gjeld til kredittinstitusjoner					
Lån og inns. frå kred.inst. utan avtalt løpetid eller opps.frist		-	7	-	207
Lån og inns. frå kred.inst. med avtalt løpetid eller opps.frist		250 000	250 000	292 000	292 391
Sum gjeld til kredittinstitusjonar	10,11	250 000	250 007	292 000	292 598
Innskot frå og gjeld til kundar					
Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid		3 438 982	3 435 914	3 381 932	3 378 062
Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid		279 788	279 788	157 026	157 026
Sum innskot frå og gjeld til kundar	10,11	3 718 770	3 715 702	3 538 958	3 535 088
Gjeld stifta v/utsteding av verdipapir					
Obligasjonsgjeld	13	1 049 002	1 049 002	1 148 239	1 148 239
- Eigne ikkje - amortiserte obligasjonar		-	-	25 000	25 000
Sum gjeld stifta v/utsteding av verdipapir	10,11	1 049 002	1 049 002	1 123 239	1 123 239
Anna gjeld					
Finansielle derivater	12	-	-	112	112
Anna gjeld		25 998	29 776	23 139	26 323
Sum anna gjeld		25 998	29 776	23 251	26 435
Påløpte kostnader og forskotsbetalte inntekter		10 956	17 553	7 858	9 452
Avsetningar for påløpte kostnader og forpliktingar					
Pensjonsforpliktingar	9	11 276	11 316	7 693	7 980
Utsett skatt		-	3 782	-	3 656
Sum avsetningar for påløpte kostnader og forpliktingar		11 276	15 098	7 693	11 636
SUM GJELD		5 066 002	5 077 138	4 992 999	4 998 448
Minoritetsinteresser					352
EIGENKAPITAL					
Opptent eigenkapital					
Fond for vurderingsulikheter		-	60 856	-	52 619
Sparebanken sitt fond		771 357	771 357	747 255	747 255
Gåvefond		14 549	14 549	21 469	21 469
Anna eigenkapital		-	-2 845	-	-918
Sum opptent eigenkapital	15	785 906	843 917	768 724	820 425
SUM EIGENKAPITAL		785 906	843 917	768 724	820 425
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	10,11	5 851 908	5 921 055	5 761 723	5 819 225
POSTAR UTANOM BALANSEN					
Betinga forpliktingar					
Garantiar	5	648 864	648 864	586 637	586 637

Hallingdal, 31. desember 2011 / 13. februar 2012

Kjell Vidar Bergo (sign.) Ragnhild Kvernberg (sign.) Sissel Bjørøen (sign.)
styreformann nestformann

Mikael Fønhus (sign.) Kjell Kristiansen (sign.) Vidar Isungset (sign.) Kristin Ourom (sign.)

NOTER TIL KONSERNREKNESKAPEN 2011

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

Rekneskapsprinsipp

Dei nytta rekneskapsprinsippa er omtala under dei enkelte noter. Banken har ikkje leasingavtaler eller factoringavtaler.

Konsolidering

Konsernrekneskapa som er lagt fram omfattar SpareBank 1 Hallingdal, samt banken sine heileigde dotterselskap Hemsedal Regnskap AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS, SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS, samt EiendomsMegler 1 Fjellmeglaren AS.

Interne føringar og mellomværande mellom banken og dei nemnde dotterselskapa blir eliminert.

INNHALD

- | | |
|--|---|
| 1. Obligasjonar og andre renteberande verdipapir
Ansvarelege lån | 7. Andre driftskostnader |
| 2. Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis
Felles kontrollert verksemd
Dotterselskap | 8. a. Tillitsvalte og tilsette
b. Ekstern revisjon |
| 3. a. Prinsipp for vurdering av engasjement
b. Risikoklassifisering av utlånsporteføljen
c. Tap på utlån
d. Utlån fordelt etter næring og geografi
e. Aldersfordeling på forfalne,
men ikkje nedskrivne utlån
f. Verkeleg verdi utlån
g. Boligkreditt | 9. Pensjonsforpliktingar |
| 4. Varige driftsmidlar – avskrivningar | 10. Finansiell risikokommentar
Renteendringstidspunkt på
eigedelspostar og gjeld/eigenkapital |
| 5. Garantiansvar | 11. Likviditetsrisiko
Restløpetid på eigedelspostar
og gjeld/eigenkapital |
| 6. Provisjonar og gebyr | 12. Finansielle derivater |
| | 13. Gjeld |
| | 14. a. Utrekning av betalbare skattar
b. Utsett skatt |
| | 15. a. Eigenkapitalendring
b. Kapitaldekning
c. Kontantstraumanalyse |

Note 1: Obligasjonar og andre renteberande verdipapir morbank

Heile obligasjonsporteføljen er klassifisert som bankportefølje, og er børsnoterte verdipapir.

Obligasjonar er vurdert til det lågaste av marknadsværdi (børskurs 31.12) og kostpris. Porteføljeprinsippet er nytta

Ut frå dagleg gjennomsnittleg verdipapirbehaldning for obligasjonar / ansvarlege lån på kr 280 mill. utgjer avkastninga 3,19%.

Behaldninga av obligasjonar er sett saman slik:

Obligasjonar/ansvarlege lån morbank	2011	2010
Utstedt av det offenlege	-	51 549
Utsedt av andre	284 056	229 089
Porteføljenedskrivning	2 018	347
Sum obligasjonar / ansvarlege lån morbank	282 038	280 291
Overstående portefølje fordeler seg slik:	Risikovekt	Bokført verdi
Utenlandske	0%	52 129
Finansinstitusjonar OMF	10%	133 275
Finansinstitusjonar	20%	52 535
Industri	100%	44 099
		282 038

Rentefølsemd på verdipapir

Verdiportefølja til banken hadde ved slutten av året ei rentefølsemd rekna til 409 ved 1%-poeng renteendring.

Fastsett ramme for rentefølsemd er 7.790 ved 1%-poeng renteendring. Plasseringane er innanfor fastsett ramme.

Ansvarleg lånekapital

Ansvarleg lån i kredittinstitusjonar	5 310
Sum ansvarleg lånekapital	5 310

NOTE 2: Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis

Behaldninga er klassifisert som bankportefølje (kortsiktig) og anleggsportefølje.

Behaldninga er vurdert til det lågaste av marknadsverdi (børsverdi 31.12) og kostpris for porteføljane.

Nedskrivning blir gjort dersom marknadsverdi for porteføljen er lågare enn kostpris.

Aksjar:	Antal aksjar	Bokført verdi	Marknadsverdi
Aker Solutions ASA	2 000	126	126
Atea ASA	9 943	396	597
Archer Limited	15 000	557	240
Bakkafrost	6 189	298	229
BWG Homes ASA	38 000	675	365
Cermaq ASA	6 500	341	455
Copeinca ASA	13 436	534	449
DnB	22 959	1 444	1 341
Fred Olsen Energy ASA	2 335	498	468
Gjensidige Forsikring ASA	9 532	562	658
Kongsberg Gruppen ASA	3 000	297	345
Lerøy Seafood Group ASA	2 500	304	210
Nordisk Areal Invest AS	28 200	2 820	2 298
Norsk Hydro ASA	20 775	756	573
Orkla ASA	18 650	920	833
Petroleum Geo-service	15 500	1 176	1 010
Prosafe	5 741	220	236
Protector Forsikring ASA	48 000	418	518
Royal Caribbean Cruise Ltd	4 000	669	598
SalMar ASA	4 000	124	120
Schibsted ASA	6 114	767	906
SeaDrill Limited	5 968	918	1 190
Songa Offshore SE	15 000	434	275
Statoil ASA	10 582	1 389	1 622
Subsea 7 S.A.	10 061	885	1 117
Telenor ASA	15 550	1 208	1 520
TGS Nopec Geophysical	5 500	527	727
Vizrt	19 500	432	376
With Wilhelmsen ASA	5 000	142	145
Yara International ASA	5 004	1 418	1 199
Sum aksjar		21 256	20 744
Aksjefond :			
Equity World Emerging Classic	1 622	5 663	5 099
Alfred Berg Global Quant	55 765	10 743	11 470
Alfred Berg Nordic Small Cap	2 804	3 810	3 008
Sum aksjefond		20 216	19 577
Porteføljenedskrivning		-1 151	
Sum kortsiktig plassering morbank		40 321	40 321
Anleggsaksjar :	Antal aksjar	Bokført verdi	
Eiendomsmegleren Ringerike Hadeland AS	50	1 051	
Nordito Property AS	17 910	81	
Orkla ASA	1 664	177	
Spama AS	130	11	
SpareBank 1 Boligkreditt AS	220 427	33 079	

→→→

SpareBank 1 Næringskreditt AS	105 659	13 207
Visa Inc. A-aksjar	303	130
Visa Inc. C-aksjar	707	303
Nets Holding AS DKK	147 933	6 417
Nedskrivningar		-103
Sum anleggsaksjar morbank		54 353

Sum aksjar og grunnfondsbevis morbank 94 675

Aksjar		Bokført verdi
Anleggsaksjar 01.01		57 795
Tilgang		2 251
Avgang		-5 673
Endring i nedskrivningar		-20
Anleggsaksjar 31.12 morbank		54 353

Felleskontrollert verksemd

Felleskontrollerte verksemd er klassifisert saman med tilknytt selskap. Felleskontrollerte verksemd er ført til kostpris i morbank. I konsernrekneskåpen blir resultatet innarbeidd i hht. eigenkapitalmetoden.

Selskap: Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS	Eigarandel	
Andel selskapskapital (inkl. andel innskutt overkurs)	7,790	4 681
Balanseverdi 31.12		5 283
Balanseverdi 01.01 konsern		31 673
Tilgang		783
Resultat andel		14 315
Balanseverdi 31.12 konsern		46 771

Selskapet eig 20% av BN Bank. Ved oppkjøp var kostpris lågare enn balanseført eigenkapital. Differansen blir kalla "badwill". Banken sin andel av badwillen var på kr 31.170.000 som blir inntektsført over 3 år. Av dette er kr 10.546.933 inntektsført i 2011.

Selskap: Samarbeidende Sparebanker Bankinvest II AS	Eigarandel	
Andel selskapskapital	7,720	7 584
Balanseverdi 31.12		11 879
Balanseverdi 01.01 konsern		21 325
Verdiregulering		144
Tilgang		1 274
Resultat andel		1 212
Balanseverdi 31.12 konsern		23 955

Selskap: Samarbeidende Sparebanker AS	Eigarandel	
Andel selskapskapital	7,750	50 389
Balanseverdi 31.12		74 472
Balanseverdi 01.01 konsern		75 481
Utbytte		-7 808
Verdiregulering i året		-5 797
Tilgang		6 798
Kjøp emisjoner		7 142
Resultat andel		5 949
Balanseverdi 31.12 konsern		81 765

Selskap	Land	Eigedelar	Gjeld	Eigenkapital	Driftsinntekt	Resultat
Samarbeidende Sparebanker AS	Norge	1 007 646	44 859	962 787	35 747	94 831
Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS	Norge	613 217	35	613 181	100	190 872
Samarbeidende Sparebanker Bankinvest II AS	Norge	316 753	119	316 634	100	15 696

Verdi

Verdiregulering skuldast innarbeiding av urealiserte gevinstar i livsforsikringsselskap. God rekneskåpskikk i Norge er for livsforsikringsselskap tilpassa internasjonale rekneskåpsreglar (IFRS), som tillet balanseføring av urealiserte gevinstar.

Dotterselskap

SpareBank 1 Hallingdal er eineaksjonær i SpareBank 1 Hallingdal Invest AS, SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS, Hemsedal Regnskap AS og EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS.
Dotterselskap er innarbeid etter egenkapitalmetoden.

SpareBank 1 Hallingdal Invest AS

Selskapet eig div. aksjar og andelar, samt dotterselskapet SpareBank 1 Hallingdal Invest 2 AS.
Selskapet vart stifta i 1982. Selskapet har ingen faste tilsette.

SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS

SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS driv med kjøp, bygging, leige og drift av fast eigedom, samt utleige av driftsmidlar.
Selskapet vart stifta i 2004. Selskapet har 1 fast tilsett. Selskapet leiger ut lokal til banken i Hemsedal, Gol og Ål.
Selskapet fusjonerte i 2011 med SpareBank 1 Gol Eigedom AS og SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS.

Hemsedal Regnskap AS

Hemsedal Regnskap AS har 9 faste tilsette. Verksemda består av å yte bistand til næringslivet i form av rekneskapsføring og informasjonsteneste. Dagleg leiar er Per Gunnar Markegård.

EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS

EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS har 12 tilsette. Verksemda driv eigedomsmekling.
Dagleg leiar er Knut Oscar Fleten.

Følgjande postar i banken sin morrekneskap er påverka av engasjementet med dotterselskapa:

	SB 1 Hallingdal Invest AS		SB 1 Hallingdal Eigedom AS		Hemsedal Regnskap AS		EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	
	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010
Renteinntekter på utlån frå kundar	55	21	2 880	2 730	1	-	3	-
Renteutgifter på innskot frå kundar	3	20	69	702	18	19	87	80
Andre driftsutgifter	-	-	8 319	6 127	192	172	0	0
Innskot frå kundar	-	193	1 047	2 186	1 528	761	493	864
Utlån til kundar	3 774	817	73 578	60 906	-	1	1 378	-
Bokført verdi i morbanken 01.01	3 957	3 857	8 412	7 201	1 080	490	11 007	11 672
Andel av årets resultat	-183	100	1 281	1 211	107	590	-572	-665
Kjøp i løpet av året	-	-	-	-	-	-	10 137	-
Tap ved utvanning	-	-	-	-	-	-	-3 951	-
Tilført ved fusjon	-	-	-	-	-	-	3 616	-
Bokført verdi i morbanken 31.12	3 774	3 957	9 693	8 412	1 187	1 080	20 237	11 007
Bokført egenkapital i dotterselskapet	3 774	3 957	13 024	12 153	1 187	1 080	5 993	2 366
Bokført resultat i dotterselskapet	-183	100	871	1 013	107	590	1 455	771

Note 3a: Prinsipp for vurdering av engasjement

Prinsipp for verdsetting av engasjement

Banken sine utlån blir i utgangspunktet vurdert til pålydande med unntak av tapsutsette og misleghaldne lån. Eit engasjement blir definert som garantiar, kausjonsansvar, innvilga rammekredittar og nedbetalingslån inkludert opptente, men ikkje betalte renter, gebyr og provisjonar. Verdsetting av engasjement blir gjennomført ved kvartalsvis vurdering både av privatmarknaden og bedriftsmarknaden. Bedriftsengasjement er definert som kundar registrert i foretaksregisteret samt personkandar som er innvilga kassekreditt eller som i vesentleg grad får inntekt ved eiga næringsverksemd. Overvaking av kredittrisiko og handsaming av misleghaldne engasjement og andre engasjement som er identifisert som tapsutsette, er vurdert for eventuell nedskrivning. Overvaking av slike engasjement skjer blant anna gjennom risikoklassifisering og gjennomgang av restanseliste. Renter, provisjonar og gebyr blir bokført i resultatrekneskapen etter kvart som desse blir tent opp som inntekter eller kjem på som kostnader. Etableringsgebyr overstig ikkje kostnadane som oppstår ved etablering av det enkelte utlån. Det er derfor ikkje periodisert etableringsgebyr over lånet si løpetid.

Misleghaldne engasjement

Eit engasjement vert sett på som misleghalde når kunden ikkje har betalt forfalt termin innan 90 dagar etter forfall, eller når overtrekk på rammekreditt ikkje er dekt inn innan 90 dagar etter at rammekreditten vart overtrekt.

Individuelle nedskrivningar

Individuelle nedskrivningar er avsetning til dekning av forventa tap på engasjement som er identifisert som tapsutsette på balansedagen. For at engasjementet skal klassifiserast som tapsutsett, må det liggje føre objektive bevis for at det har eit verdifall. Nedskrivninga vil vere forskjellen mellom balanseført verdi og noverdi av framtidig kontantstraum i engasjementet.

Gruppevis nedskrivningar

Lån som ikkje er teke med i dei individuelle nedskrivningane blir vurdert i høve til gruppevis nedskrivning. Låna blir handsama i grupper etter risikoklassifisering der erfaringstal på forventa tap i gruppa er sentral i vurderingane. I tillegg blir nasjonale og lokale økonomiske tilhøve tillagt vekt i vurderingane.

Konstaterte tap

Tap blir rekna som konstatert ved stadfesta akkord eller konkurs, ved at utleggsforretningar ikkje har ført fram, ved rettskraftig dom, ved at banken har gitt avkall på heile eller delar av engasjementet, eller at engasjementet blir vurdert som tapt for banken.

Verkeleg verdi utlån

Av banken sine utlån er det utlån med avtala fastrente som vil ha ein verkeleg verdi som kan avvike vesentleg frå bokført verdi. For utlån med flytande rente vil bokført verdi tilsvare verkeleg verdi. Verkeleg verdi på fastrenteutlån er rekna ut som differansen mellom neddiskontert framtidig kontantstraum frå renteinbetalingar og neddiskontert framtidig kontantstraum basert på marknadsrente for restbindingstid ved utgangen av året.

Tapsutsette engasjement
